



Ja, svarar gledeleg mange på dette spørsmålet.

Bu her? vert det spurt på eit stort banner ved innkøyrsla til Ospelunden byggefelt. Aktiviteten både i dette feltet og i dei andre byggefelta, i Øvre Halsane og i Nedre Halsane(sjå høgre spalte), gjev eit tydeleg svar om at mange ønskjer å busetja seg i Uskedalen.

I seinare tid har det vore svært god aktivitet når det gjeld bustadbygging i Uskedalen. I Ospelunden er det alt kome opp 5 tomannsbustader og 4 einbustader, altså totalt 14 bueiningar. I dette store feltet vil det nok etter kvart auka kraftig på.

Både i Øvre Halsane byggefelt og Nedre Halsane byggefelt er det for tida svært god aktivitet, og innflyttinga i husa i desse to felta vil også starta om ikkje så lenge. Felles ved alle desse tre byggefelta er at dei har fantastisk usikt og nær tilgang til flott natur enten ein likar sjø eller fjell, eller begge deler.

Når vi også tar med at dei 8 husa på Eikelandet Brygge vart selt på svært kort tid og vart innflytta i fjor, fortel dette at mange ser at Uskedalen er ein god plass å bu.

I tillegg er det nokre einbustader og eit småbruk for salg elles i bygda. Denne aktiviteten sikrar god tilvekst av innbyggjarar i bygda, og i den samanheng er det kjekt å nemna at ein familie på 6 kjem med flyttelasset frå Oslo i slutten av neste veke. Den vakre naturen vår har trekt dei hit!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.